



Glansbilde

Tema: "Vaksenressursen vert brukt til beste for barna si læring og utvikling"

Kriterium	Tegn på god praksis
Barnehagen er ein lærande organisasjon (Rammeplan for barnehage 2006, s.50)	<ul style="list-style-type: none">❖ Leiarane vurderer jamnleg bruk av vaksenressursen i barnehagen❖ Det er sett av tid for personalet til å reflektera og drøfta barnehagen sitt læringssyn❖ Personalet reflekterer og drøftar jamnleg praksis knytt til bruk av vaksenressursen i barnehagen❖ Leiarane gir personalet tilbakemelding på det faglege arbeidet❖ Barnehagen nyttar personalet sin kompetanse❖ Barnehagen vurderer jamnleg eigen praksis og oppnådde resultat
Personalet planlegg, gjennomfører og vurderer den pedagogiske verksemda (Rammepl for bhg.-06,s.16)	<ul style="list-style-type: none">❖ Styrar lagar overordna planar i samråd med personalet❖ Møta er strukturerte, saklege og har eit innhald som er knytt til barna si læring og utvikling❖ Personalet tek det barna formidlar på alvor (anerkjenner)❖ Personalet motiverer barna til å vera nysgjerrige og kreative❖ Personalet legg til rette for daglege aktiviteter som stimulerer barna si læring og utvikling❖ Personalet legg vekt på barna si meistring og sjølvkjensle❖ Personalet nyttar leik som læringsmetode
Forpliktande samarbeid mellom heim og barnehage (Barnehagelova §1 Formål.)	<ul style="list-style-type: none">❖ Føresette kjenner til barnehagen sitt arbeid med barna si læring og utvikling❖ Føresette veit korleis dei kan medverka til barnet si læring og utvikling❖ Føresette kjenner barnet si utvikling, og resultat av eventuelle kartlegging og observasjon❖ Føresette vert informert når det blir sett i gang styrkingstiltak❖ Det er lett for dei føresette å ta kontakt med barnehagen❖ Foreldresamtalar er nyttige og meningsfylte for alle partar❖ Føresette medverkar i barnehagen sitt innhald
Barna er aktive i sin eigen læringsprosess. Dei deltar i planlegging, gjennomføring og evaluering av barnehageverksemda (Barnehagelova § 3. Barns rett til medvirkning)	<ul style="list-style-type: none">❖ Barna deltek i planlegging og gjennomføring av aktivitetar❖ Barna vert fortalt om eiga utvikling og meistring❖ Barna kjenner barnehagen sine reglar og rutinar❖ Barna sine innspel på den daglege verksemda vert vektlagde❖ Dokumentasjon av barna si læring og utvikling er tilgjengleg for barna og dei føresette❖ Leik er den dominerande læringsmetodikken i barnehagen